

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017**

Mona Røsvik Strømme (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Bybanen AS. Strømme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samråystes at Mona Røsvik Strømme var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Mona Røsvik Strømme gjekk frå under behandlinga av saka. Stein Inge Ryssdal møtte for Strømme i saka.

Fylkesordføraren bad om at møteprotokollen for utval for miljø og samferdsel vert endra slik at punkt 2 i innstillinga vert protokollert som vedtak.

**Silje Hjemdal (Frp)** sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget godkjenner at drifta av Bybanen vert konkurranseutsett.
2. Fylkestinget godkjenner at vedlikehaldsavtalet med Stadler vert vidareført ut avtaleperioden.
3. Fylkestinget godkjenner at fylkesrådmannen får fullmakt til å setja i verk organisasjonsendringane i samsvar med vedtaket i saka.»

**Roald Kvamme (A)** sette på vegner av A, SV, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesrådmannen vert beden om å leggje fram en ny utgreiing av eigenregi. Den nye utgreiinga må vise korleis eigenregikonsernet kan sjå ut, korleis rollefordelinga, pengestraum, tryggleiks- og leverandøransvar kan organiserast eintydig og i samsvar med selskapsrett og jernbaneovgiving.

Arbeidet skal gjere greie for erfaringar frå organiseringa av trikk og T-bane i Sporveien i Oslo.

Utgreiinga skal gjere greie for selskapsrettslege tilhøve, drift av sporveg, spørsmål knytt til skatt og moms, samt juridiske forhold knytt til jernbanetekniske tilhøve. Utgreiinga må også vise kva økonomiske endringar ein slik modell fører med seg for Hordaland fylkeskommune, herunder synergiar ved å organisere drift i same konsern.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet blir invitert til orienteringa bestilt av utval for miljø og samferdsel.»

### **Røysting**

Innstillinga punkt 1 fekk ingen røyster og fall.

Kvamme sitt forslag fekk 9 røyster (A, MDG, SV, Sp, KrF) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget. Hjemdal sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Tomren sitt forslag fekk 1 røyst og fall.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkesrådmannen vert beden om å leggje fram en ny utgreiing av eigenregi. Den nye utgreiinga må vise korleis eigenregikonsernet kan sjå ut, korleis rollefordelinga, pengestraum, tryggleiks- og leverandøransvar kan organiserast eintydig og i samsvar med selskapsrett og jernbaneovgiving.

Arbeidet skal gjere greie for erfaringar frå organiseringa av trikk og T-bane i Sporveien i Oslo.

Utgreiinga skal gjere greie for selskapsrettslege tilhøve, drift av sporveg, spørsmål knytt til skatt og moms, samt juridiske forhold knytt til jernbanetekniske tilhøve. Utgreiinga må også vise kva økonomiske endringar ein slik modell fører med seg for Hordaland fylkeskommune, herunder synergiar ved å organisere drift i same konsern.